



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 24/2988-17
Saksbehandler Liv Kirsten Eide

Utvalg	Møtedato
Kommunestyret	28.05.2026
Miljø- og teknisk utvalg	11.05.2026

Endeleg godkjenning av lokal jordvernstrategi for kommunane Risør og Gjerstad

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret i Risør vedtar «Jordvernstrategi for kommunane Risør og Gjerstad»

Vedlegg

Jordvernstrategi til behandling i kommunestyret mai 2026
Innspill til forslag til kommunal jordvernstrategi for Risør og Gjerstad kommuner
Risør og Gjerstad kommuner

Samandrag

Kommunane Risør og Gjerstad har vedtatt å utarbeida felles lokal jordvernstrategi etter at Landbruksdirektoratet innvilga kr 200 000 til arbeidet.

Forslag til strategi vart vedtatt, og sendt på avgrensa høyring til Bondelag, Bonde- og småbrukarlag, Jordvern Agder og Statsforvaltaren i Agder. Høyringsfristen vart sett til 17. april 2026.

Statsforvaltaren og Jordvern Agder har kome me høyringssvar. Som fylgje av dette er det justert litt på hovudmålet, sjå nedanfor.

Tilskotet på kr 200 000 skal nyttast til tiltak i strategien.

Bakgrunn

Kommunane Risør og Gjerstad vedtok å utarbeide felles jordvernstrategi etter å ha fått kr 200 000 i tilskot frå Landbruksdirektoratet. Kommunane har fått frist med å senda over endeleg vedteke strategi til 15. juni 2026.

Saksopplysningar

Mange kommunar, som har utarbeida slik strategi, har brukt tilskotet til å utarbeida eit kunnskapsgrunnlag for å få ein statusoversikt. Arbeidsgruppa, som vart sett ned for å utarbeida

lokal strategi, kom til at ein heller ville gjera dette sjølve, slik at ein kan bruka tilskotet til å gjennomføra tiltak i staden.

Norge har lite jordbruksareal, berre 3%. Til tross for dette har det vorte omdisponert mykje jordbruksareal til andre føremål enn jordbruk. Derfor har dei siste åra vore auka nasjonalt fokus på jordvern. Det nasjonale målet er at det årleg ikkje skal omdisponerast meir enn 2 000 daa jordbruksareal til andre føremål enn matproduksjon. Verden er i endring, sjølvbergingsgraden må opp, då må jordbruksarealet nyttast til å produsera mat.

Strategien set fokus på våre lokale utfordringar. Hovudutfordringane våre er todelte. På den eine sida har me lite jordbruksareal i høve til totalt areal, jorda er fordelt på mange eigarar og ofte med til dels små teigar. Dette gjer det vanskeleg å driva effektiv og rasjonelt jordbruk.

På den andre sida er det få jordbruksforetak som skal driva den jorda me har, ofte med store avstandar mellom jordene og tunet, der landbruksforetaket ligg. Dette hjelper heller ikkje på effektiviteten.

Kunnskapsgrunnlaget syner at det er mindre jordbruksareal i kvar av desse to kommunane enn for landet. Det er få landbruksforetak som driv mykje jord dei ikkje eig sjølve (leigejord). Likevel er det mykje areal i begge kommunane som ikkje er i drift.

Jordbruksareal er ein avgrensa, ikkje fornybar ressurs og har eit særleg vern. Jordlova har bestemmingar om at jordbruksareal ikkje skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på matproduksjon. I tillegg til jordlova er plan- og bygningslova ei viktig lov for jordvernet fordi dette regelverket styrer arealformål både i kommuneplan og reguleringsplan.

Hovudmålet i strategien som vart sendt på høyring er «Dyrka og dyrkbar mark skal ikkje byggjast ned. Meir av den dyrka jorda som ikkje er i bruk, skal takast i bruk, slik at grunnlaget for matproduksjon vert oppretthalde og ikkje gror igjen»

Det er 4 strategiar for å nå målet:

1. Få oversikt over dyrka og dyrkbart jordbruksareal
2. Auka kunnskap om jord og jordvern hos grunneigarane, innbyggjarane og kommunal forvaltning
3. Fylgja opp driveplikta, jmf. jordlova
4. God dialog med aktive bønder

Under kvar strategi er det fleire tiltak som til saman vil gje oss god oversikt over jordbruksarealet, og føra til auka kunnskap om jordbruksareal og jordbruksproduksjon både for grunneigarar og forvaltning.

Ein del av tiltaka skal setjast i gong med ein gong, andre krev samarbeid med statsforvaltar eller rådgjevingstenester.

Høyringsuttale frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren meiner at kommunen treff på hovudutfordringane våre. Det er positivt at strategien peikar på «planvask» som viktig for å ivareta jordbruksareal.

Vidare heiter det at dei meiner vårt hovudmål er i tråd med dei nasjonale jordvernføringane, men at ein burde spissa målet meir mot ein nullvisjon. Dei syner til Lyngdal sin strategi der det heiter at «Omdisponering/nedbygging av dyrka og dyrkbar jord skal kun skje etter at alternative plasseringar på ikkje-dyrkbare arealer er vurdert og dokumentert, **og** på bakgrunn av svært viktige samfunnsmessige og/eller samfunnskritiske hensyn. De økonomiske konsekvensene knyttet til erverv og opparbeidelse av tomt skal ikke være styrende.» Statsforvaltar har skreve **og** mens det i strategien står **eller**. Dette fordi **og** ivaretar nasjonale føringar.

Statsforvaltaren peikar på at strategien må gjerast kjent, at den vert følgd opp ved rullering av kommuneplan og rapportering gjennom årsmelding.

Høyringsuttale frå Jordvern Agder

Jordvern Agder ser jordvernstrategien som eit godt grunnlag for å ta vare på jordbruksarealet i kommunane. Tilbakemeldingane som er gitt, meiner ein støttar opp om strategiane og tiltaka våre, som til dømes både planvask og det å gje informasjon til grunneigarar.

Det vert peika på at der omdisponering av jordbruksareal ikkje er til å unngå, må jorda nyttast til ny matproduksjon og ikkje i vegskråningar.

For å unngå konflikt mellom bustadområder og jordbruk, vert det foreslått ei byggegrense på 35 meter som ei generell grense, medan det bør vera 50 meter til spesielt verdifull dyrka mark.

Økonomiske konsekvenser

Ingen, det er dei tildelte tilskotsmidlane som skal nyttast for å gjennomføra tiltaka.

Andre driftsmessige konsekvenser

Noko administrativ tid vil gå med i tillegg. Deler av dette er pålagt allereie i dag som til dømes å fylgja opp driveplikta. Med å laga informasjon og rutinar vil det forenkla den daglege drifta samt sørge for likebehandling.

Vurderinger

Kommentar til høyringsuttale frå Statsforvaltaren

Arbeidsgruppa meiner at hovudmålet vårt er målbart, og at det i realiteten er ein nullvisjon, men har justert hovudmålet ved å ta inn omgrepet nullvisjon slik:

Hovudmål: «Dyrka og dyrkbar mark skal ikkje byggjast ned (*nullvisjon*). Meir av den dyrka jorda som ikkje er i bruk, skal takast i bruk, slik at grunnlaget for matproduksjon vert oppretthalde og ikkje gror igjen.

Vidare har me tatt inn eit **unntak** for i kva tilfelle ein kan gje samtykke til omdisponering som lyder: «Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord kan berre skje dersom alternative plasseringar er grundig vurdert og dokumentert.»

Kommentar til høyringsuttale frå Jordvern Agder

I samband med rullering av kommuneplanen er det gjennomført konsekvensutredningar både for nye foreslegne områder og for gamle områder (planvask). Jordbruksareal er eit av mange tema som er vurdert.

Kommunen har i gjeldande kommuneplan bygge- og delegrense til dyrka mark, der bygg ikkje skal vera nærare jordbruksareal enn 30 meter, og ny eigedomsgrænse ikkje skal vera nærare jordbruksareal enn 10 m.

Etter vårt skjønn er det like viktig med delegrense som byggegrense fordi det ofte, i LNF-områda, er slik at tomtene utvidar seg i det stille og et seg inn på jordbruksareal.

Det er elles ikkje gjort endringar i strategi og tiltaka i høve til då strategien vart vedteke lagt på høyring.

Klima og natur

Kommunen sitt hovudmål innan mat, jordbruk-, skog- og havbruk er å leggja til rette for at der vert produsert nok mat på ein effektiv og berekraftig måte med lavt naturinngrep som gjev lågast mogleg utslepp av klimagassar.

Eit av delmåla er å unngå nedbygging av dyrka mark dyrka mark skal ha særleg vern i arealplanlegging og skal ikkje byggjast ned.

Jordvernstrategien byggjer opp under dette.

Folkehelse og levekår

Ikkje relevant.

Kommuneplan

I dei vedtekne arealstrategiane i samfunnsdelen av kommuneplanen heiter det at nye utbyggingar skal ta omsyn til bevaring av matjord. I planvask-saker er òg jordvern tema og grunnlag for å tilbakeføra planområder til LNF-områder.

Konklusjon

Kommunedirektøren legg jordvernstrategien fram for godkjenning av kommunestyret.